



Arkivnr: 2014/2-48
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		11.09.2014

Bytte av namn for Fusa fagskule

Samandrag

Det er ønskjeleg å endra namnet på Fusa fagskule til Hordaland helsefagskule for å gje tydelegare uttrykk for at dette er ein skule som gjev helsefagskuletilbod i heile fylket. Namnet Fusa fagskule gjev eit inntrykk av at skulen er stadbunden til Fusa, og dette kan bidra til at færre søker om plass ved skulen.

Forslag til vedtak

Fusa fagskule endrar namn til Hordaland helsefagskule

Svein Heggheim
fylkesdirektør for opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.08.2014

Fusa fagskule har dei siste åra hatt utfordringar med å rekruttera nok studentar til helsefagskule-utdanningane, og framleis har kommunane liten kjennskap til kva helsefagskulen kan tilby. Administrasjonen i Opplæringsavdelinga og Fusa fagskule arbeider med konkrete tiltak for å gjere kommunane betre kjent med tilbodet.

Eitt ønskeleg tiltak er å endra namnet på fagskulen frå Fusa fagskule til Hordaland helsefagskule. Årsaka til dette er at mange oppfattar at det berre vert gjeve tilbod i Fusa og ikkje i heile fylket. Størsteparten av studentane ved Fusa fagskule har undervisningsstad i Bergen, og for tida er det ingen helsefagskule-studentar i Fusa. Ved å endre namnet til Hordaland helsefagskule gjev ein tydelegare uttrykk for at skulen er for heile fylket, og at fagskulen er ein rein helsefagskule.